

Mongstad satsar på oppdrett

Selskapet Mongstad Vekst AS ønsker å satse tungt på oppdrett av nye marine artar, skriv bladet Norsk Fiskeoppdrett. I planane for ein stor havbrukspark vil selskapet bruke det varme spillvatnet frå Statoil sitt oljeraffineri til å drive oppdrett på alt frå hawaii-reker til skjell. Men det er piggar og torsk som er dei to mest aktuelle artane. Selskapet Mongstad Vekst er eigd av Statoil Mongstad (30 prosent) og Mongstad Næringsutvikling med 30 prosent. Det siste selskapet er igjen eigd av Norsk Hydro og Trond Mohn. I tillegg er Lindås kommune, Austrheim kommune og Nordhordland Industri-selskap inne på eigarsida. Selskapet har ein aksjekapital på to millionar kroner.

Sunnfjord-kokk i Vietnam

Denne veka har norsk sjømat fått profilere seg i Austen. I ein veksande laksemarknad, som følgje av frykta for fuglevirus og farleg kyllingkjøt, er det blitt arrangert ein stor sjømatbuffet i Vietnam. Her har Førde-kokken Terje Ness svingt vispen, og blant dei prominente gjestene frå Norge var HM Dronning Sonja og fiskeriminister Svein Ludvigsen.

Nordlendingane samlar seg

FØRDE: Laurdag 20. november blir ein merkedag for nordlendingar busette i Sunnfjord. På Rica Sunnfjord Hotel skal Nordnorsk Forening Sunnfjord ha skipingsmøte, og ifølgje initiativtakarane er det allereie 70 personar frå Nordland, Troms eller Finnmark som har meldt seg inn.

Her byggjer dei Florø-yachten

FLORØ: I denne produksjonshallen, inne på Kleven sitt område, er snart den første Florø-bygde Sunquestyachten ferdig produsert. Lokale krefter med pågangsmot og kompetanse står bak satsinga.

Selskapet har allereie støypet skroget til fire båtar. Sunquest har fem modellar frå 37 til 62 fot. Dette er større lystbåtar med høg komfort.

Ferdigstilling i Florø

Enkelt sagt har investorane kjøpt båtformene og dermed alle rettane til Sunquest. Dei har dermed sikra seg både namn, logo, design og teikningar. Sunquestbåtene skal utrustast og ferdigstillast i Florø, og salsdirektøren skal ha sitt hovudkontor i byen.

«Vi søker en båtentusiast med inngående kjennskap til markedet nasjonalt og internasjonalt. En kremmer som kan vise til resultater fra salg og markedsføring.» skriv selskapet i annonsen som stod på trykk nyleg.

Investorane

På eigarsida finn vi Vestnes Innredning (25 %), Florø Skyssbåt-service (25 %) og Ove Stavø som lokale representantar. Saman kontrollterer desse tre 62,5 prosent av aksjane i Sunquest Motor yachts Norway, medan ein ber-



PRODUKSJONSHALLEN: I denne hallen, inne på Kleven-verftet sitt område, pågår arbeidet for fullt med den første Sunquest-yachten. Foto Roger Elltvik

gensk og ein engelsk interessent sit på resten. Kor mykje selskapet har gitt for rettane til namn og form, vil eigarane ikkje ut med.

John A. Bennett

Eigarane held førebels ein låg profil. Dei presiserer at dei tek eit steg om gongen, og at modellar vil verte lansert til våren.

Det er den legendariske båtde-signaren John A. Bennett som står

bak Sunquest-modellane. Bennett har teikna ei rekke modellar både for Princess og Fairline.

Vurderer flytting

Skroga vert førebels støypte like utanfor London, men selskapet vurderer å flytte denne produksjonen til Norge. Alt etter kor rimeleg nokon kan gjere dette for dei.

Då det ikkje vart noko av patentsalet i England, såg investo-

rane sjansen for å sikre seg heile kontrollen over Sunquest.

Selskapet har allereie fleire mulege kjøparar som ventar på tilbod, og den første båten vert innreidd i Florø. Modellen skal lanserast ved sjøsetting på seinvinteren. Vestnes Innredning er innleigd på prosjektbasis for å ferdigstille dei første båtane.

Jon Holsvik Sorland

57 75 73 03

jon.sorland@firdaposten.no

NYHET! PEUGEOT 407

www.peugeot.no

Det er lenge mellom hver gang det kommer en så elegant, sportslig og spennende nyhet på veien. Kom innom for en prøvetur.

Ta med deg standardutstyr som:

- 7 kollisjonsputer inkludert kollisjonspute for førerens knær
- ABS-bremser med nødbremseassistans og elektronisk bremskraftfordeling
- Elektronisk stabilitetsprogram og antispinn
- Radio/CD-spiller m/6 høyttalere og fjernbetjening ved rattet
- Elektrisk oppvarmede og regulerbare sidespeil m/dødvinkelreduksjon
- Automatisk klimaanlegg og kjørecomputer
- Fjernbetjent sentrallås og el.vinduer foran

PRIS FRA KUN KR 288.520,-*

WWW.EURONCAP.COM

★★★★★

407

PEUGEOT

*Inkludert leveringskostninger og frakt. Årsavgift kommer i tillegg. Peugeot 407 leveres med flere motoralternativer, bensin og HDI turbodiesel og omfattende standard- og ekstrautstyr. Priser fra kr 288.520,-. Drivstoff forbruk i bløttest tilstand 8,55 l/100 km, CO₂ utslipp 145 g/km, 3 års/100.000 km garanti (etter forbeholdt kjøperen er det en leasetilstand for reklamasjon på 5 år), 12 års rustgaranti, lavt vedlikeholdskostnader og lange serviceintervaller. Bilde er illustrasjonsfoto og utstyr kan avvike. Nøt. priser pr. 1.8.2004, leverer Borel O. Steen i Drammen, Importør: Borel O. Steen AS.

Førde Bil Partner

Øyrane 6, 6801 Førde – Tlf. 57 72 41 00